



Tokke



Nyheitsbrev - desember 2023

Heim til jol Gratis mat og quiz

Skal du heim til Tokke til jol, bur du her fast eller er du berre interessert i kva som skjer i Tokke?

Tokke kommune inviterar unge vaksne (ca under 35 år) til eit nytt arrangement "Heim til jol".

Stad: Tokke Teknologipark/Finstega
Tid: [Fredag 22. desember kl. 14.30](#)

På Tokke Teknologipark vil du møte tilsette frå kommunen og lokalt næringsliv. Du vil få omvising i den flotte næringshagen vår. Det blir lett servering.

Rundt kl. 16.00 vil vi gå til Finstega. Her vil det vere middag med dessert, hyggelege folk og quiz.

Arrangementet er gratis. Du kan møte opp på Tokke Teknologipark eller Finstega, men gjerne både plassert.

Velkomen!

Camilla Løggergren Knudsen, varaordfører Åse Ingebjørg Flateland, næringsutviklar



Det er flott om du kan presenne middag sendt ein e-post innan torsdag 21. desember kl. 16.00 til ase@tokke.kommune.no

Heim til jol

Fredag 22. desember inviterar varaordfører Camilla L. Knudsen unge vaksne til møte om lokalt næringsliv og omvising i Tokke Teknologipark. Sjå meir [info her](#)

Dersom det kan vere aktuelt for dykkar verksemd å delta her- er dykk hjarteleg velkomne! Fint om dykk meldar frå til underteikna.

Næringsplan

I 2024 skal vi lage ny næringsplan- og vi legg opp til møter og medverknadsprosessar. Planen skal ut på høyring. Arbeidet vil vere tufta på behovskartlegging som vart gjennomført i vinter – «Framtidas næringsutvikling i Tokke?» -sjå meir [info her](#)

Verkemiddel og kompetanse

Tokke kommune vil og oppmode dykk som driv næring til å nytte dykk av eksisterande finansierings- og kompetanseordningar som finnast- og tak gjerne kontakt for informasjon og rettleiing.

[Innovasjon Norge](#)

[TUF – Telemark utviklingsfond](#)

[Telemark Næringshage](#)

[Skattefunn](#)

[BIO- ordninga](#)

Vi ynskjer dykk ei god og fredfull jol og eit godt nytt år!

Med vennleg helsing

Åse Ingebjørg Flateland
Nærings- og samfunnsutviklar

Med helsing



Tokke

Åse Ingebjørg Flateland
Nærings- og samfunnsutviklar

☎ 91721365

☎ 35 07 52 61

✉ aseingebjorg.flateland@tokke.kommune.no